

TEATER

Fabel om makt og avmakt

Kvinnerommet er tankevekkjande om kvinnekamp og minoritetskamp.

DET SAMISKE NASJONALTEATRET BEAIVVÅŠ

SVEN HENRIKSEN:

Kvinnerommet

REGI OG SCENOGRAFIKONSEPT: METTE BRANTZEG

MUSIKK: ELLE MÅRJÅ EIRA

KOSTYME: ANNE BERIT ANTI

Det historiske utgangspunktet for *Kvinnerommet* er reindriftslova, som over tid har marginalisert reindriften meir og meir. I 1890 reiser ei samekvinne (Anja Bongo Bjørnstad) til eit slott for å leggje saka si fram for kongen. Ho vil ha hjelp til å sikre at ho kan drive

reinflakken sin heilt ut til kysten.

Kongen er på reise, men på slottet møter ho ei hoffdame (Sarakka Gaup), som gjer alt ho kan for å distansere seg frå den samiske bakgrunnen sin, og dronninga (Åne Måggå Wigelius), som ikkje veit stort om kva som skjer i riket. Det blir ein runddans på det sjakkbrettforma slottsgolv, ei framsyning av kunnskapsløyse, fordommar og arroganse, med vekt på kjønn og klasse, men også ein vilje til å skjone.

Eigentleg er dei alle undertrykte; dette kjem til syne når dei etter kvart flyttar seg rundt på sjakkbrettet iført korsett,

som skal vise korleis kvinnerolla hemmar utfoldinga deira.

Brått er vi i 2019. Persongalleriet er det same, men no er problematikken ein annan, om enn situasjonen ikkje er radikalt endra. Dronninga blir mellom anna konfrontert med ei dagsaktuell samfunnsak, Jovsset Ánte Sara, som må redusere reinflakken sin med nesten 80 prosent. Men kva kan ei dronning gjere med det?

Framsyninga er velspelt, morsam og tankevekkjande, men tematisk noko sprikjande.

JAN H. LANDRO



Anja Saiva Bongo Bjørnstad, Åne Måggå og Sarakka Gaup står på scenen. Foto: Det Samiske Nasjonalteatret Beaiwvas

Ei åtvaring til Vesten

Kva skjer om vestleg likesæle og mangel på klare verdiar får rå?

TEATER IBSEN

MICHEL HOUELLEBECQ:

Underkastelse

DRAMATISERING, REGI, MUSIKK, KORLEDELSE, AUDIOVISUELT KONSEPT: TORE VAGN LID

SCENOGRAFI: MARI LOTHERINGTON

KOSTYME: MATHILDA SÖDERLING

Det skal han ha, Tore Vagn Lid, at når han tek på seg å dramatisere ein roman, i dette tilfellet Houellebecqs samfunnsatisriske *Underkastelse*, gjer han stoffet til sitt eige. Men likevel ikkje meir enn at det er godt atkjennande.

Vi er i Paris i 2022. Eit moderat islamsk parti har vunne presidentvalet, og François mister professoratet sitt i litteratur ved Sorbonne-universitetet. Livet hans dreier seg berre om den dekadente 1800-talsforfattaren Joris-Karl Huysmans og å erobre så mange kvinnelege studentar som råd. Så får han valet om å vende tilbake til det islamiserte universitetet, men på visse vilkår.

Stykket, og romanen, er ein indirekte kritikk av islam, men

langt meir direkte kritikk av elitane i Frankrike (og resten av den vestlege verda), som er så ettergivande at dei heller bøyer av enn å ta strevet med å møte eit reaksjonært livssyn med ideologisk eller religiøs motstand.

Tore Vagn Lid har alltid svært mykje på hjarta, og helst i så mange medium som råd. Det gjer framsyninga noko kaotisk

i byrjinga, men etter kvart vinn ho i klårleik. Han lar to skodespeararar, Stian Isaksen og Patrik A. Stenseth, dele på hovudrolla, og får slik fram splittinga i den noko stakkarslege François. Her er mykje å le av og mykje å gremje seg over, og tankevekkjande er framsyninga i aller høgste grad.

JAN H. LANDRO



Stian Isaksen i hovudrolla som François. Foto: Dag Jenssen



Helle Ottesen (i midten) måtte steppe inn for Kirsti Sparboe i rolla som Agnes Mack, mater fami. Foto: Martin Eilertsen

Nybrygget kun

For mykje av det meste, men også mykje å glede seg

HÅLOGALAND TEATER

MAJA BOHNE JOHSEN I SAMARBEID MED TROND LIE:

Operetten om Mack

IDÉ: INGER BURESUND OG YNGVAR JULIN

REGI: TROND LIE

MUSIKK: SIMON REVHOLT SCENOGRAFI: GJERMUND ANDRESEN

KOSTYME: ANETTE WERENSKIOLD KOREOGRAFI: HELGE HOLTE ØSTBYE

Om vi ser bort frå at dette slett ikkje er ein operette og at framsyninga er temmeleg langdryg, finst det mykje å glede seg over i denne nyskapinga. At Mack får sin eigen musikal, i heimbyen Tromsø, er heilt på sin plass. Bryggeriet er ikkje berre ei merkevare og hjørnesteinsverksemd, men på sitt vis også ein kulturberar for landsdelen.

FOR MYKJE

Veikskapen med *Operetten om Mack* er at ein har hopa altfor mange ingrediensar

At Mack får sin eigen musikal, i heimbyen Tromsø, er heilt på sin plass.

inn i brygget, ut frå eit ønske om å fortelje mykje meir enn ei slik framsyning kan bere. Resultatet blir eit noko tynt øl. Det vi får, innanfor eit tidsspenn på om lag ti år frå slutten av den første verdskrigen, er ei noko seig historie om store økonomiske vanskar og korleis eigarfamilien ber seg åt for å redde selskapet. Med på kjøpet får vi eit stykke nordnorsk næringshistorie, skiftande alkoholpolitikk, glimt frå det som skjer ute i den store verda, ei familiekronike med kjærleik og ekteskapskrise, eit barn som døyr, indre konflikstar, ein nordnorsk – eller skal vi heller seie tysk? – ukueleleg optimisme og eg veit ikkje kva.

Med hjelp av Gjermund Andresens svært funksjonelle scenografi flyttar handlinga seg heile tida frå scenerom til scenerom. Sjølv om også nokre enkeltscener er for lange og ei og anna med fordel kunne vore kutta ut, er mange av scenene både morosame og poengterte, som oftast med godt spel. Det gjeld anten vi ser inn i dei mackske gemakk eller vitjar arbeidarane på bryggja. Men framdrift i historia er det heller smått med.

Mykje har også eit litt utvendig preg, og kan minne om framsyninga *Sykle i snøstorm*, som i fjor blei laga til Universitetet i Nord-Norges 50-årsjubileum. Eg ville trudd at røynselene frå den oppsettinga hadde fått teateret til å